



Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av setjestatsforvaltar - Austrheim - 139/7 - Solend - deling nausttomt og bygging av naust – dispensasjon

Vi viser til brev frå Austrheim kommune datert 14.12.2022. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå LNF-formål og frå bygge- og deleforbodet i strandsona for frådelling av to tomtar for bygging av naust.

Formannskapet gav i vedtak datert 20.10.2022, i sak 095/22, dispensasjon som omsøkt.

Vedtaket vart klaga på av Statsforvaltaren i Vestland i brev datert 14.11.2022.

Formannskapet handsama klaga i møte den 05.12.2022, i sak 115/22, og klaga vart ikkje teken til følge. Vi kan ikkje sjå at spørsmål om utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42, er handsama av kommunen.

Vi ber om oppnemning av setjestatsforvaltar for handsaming av klagesak.

Statsforvaltaren i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjestatsforvaltar etter oppnemning.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:



Einar Leif Synnevåg
Austrheim kommune

Solesjøen 60
Kommunehuset

5943
5943

Austrheim
AUSTRHEIM